



Åge Magne Nerhus er omtalt i i BT boka, både som journalist og som informant.

**Åge Magne Nerhus frå Uskedalen har heile sitt yrkesaktive liv vore tilknytt presse og media. Saman med Thor Myklebust har Nerhus vore ein profilert journalist i Bergens Tidende. Dette kjem klart fram i Gudmund Skjeldal si bok om BT i 150 år. Uskedalen.no har før skrive om Thor Myklebust og hans rolle i den største avisa på Vestlandet. Dette innlegget handlar om Åge Magne Nerhus og hans 37 års teneste i BT:**

Åge Magne Nerhus har utdanninga si frå medialina ved høgskulen i Volda, grunnfag i statsvitenskap ved UiO og mellomfag i media ved universitetet i Leeds. Han var nær på to år i England. I Forsvaret tenestegjorde han i Forsvarsdepartementet på presseavdelinga. Han var ein av dei fyrste som sende ut pressemeldingar på nynorsk.

Før Nerhus kom til BT, var han tilsett i Gula Tidende og i NRK, mellom anna i Dagsnytt Oslo. Ukjend for mange er at Åge Magne Nerhus var redaktør for Riksutgåva til Gula Tidende i 10 år. Riksutgåva var eit medlemsblad for Noregs mållag.

Åge Magne Nerhus kom til BT i 1976 i det som vart kalla distriktsavdelinga. Han hadde mellom anna ansvaret for alle fylkeskommunalt stoff. Seinare vart det 10 år på avdelinga for næringslivssaker. Nerhus avslutta sin

pressekarriere som redaktør på desken. På desken har han redigert avisa og vore reportasjesjef.

I boka til Sjeldal er Nerhus omtalt både som ein profilert journalist og som informant til forfattaren. I Kjartan Rødlands redaktørtid fekk Åge Magne Nerhus mellom anna jobben med å dekkja oppkjøpssaka då familien Eide selde aksjane i avisa. Det var ei stor og omfattande sak der partane likte lite at det vart skrive og gjort kjend at avisa gjekk ut av familien Eide.

Åge Magne Nerhus saman med kollega Per Jon-Odeen gav ut eit festskrift då redaktør Rødland fylte 70 år. Rødland var dyktig både som sjefsredaktør og det å vera politisk redaktør. Nerhus og Odeen fekk landskjende pressefolk til å skriva innlegg i festskriftet. Av dei er Harald Stanghelle som rosar BT for godt avisarbeid.

Nerhus bur på Kaland og har sidan 2013 vore pensjonist.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Grenda - arkivfoto ( Ivar Vaage )



Framsida på boka VESTOVER - Bergens Tidende i 150 år.